

## Vatnlekkasje i Vertshuset

17.01.2010



Vatnet hadde spreidd seg over store delar av golvet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det har oppstått ein stor vatnlekkasje i Vertshuset, som vart avslørt i dag då ein såg at det kom vatn ut gjennom dørane.**

**Eigar Røssland har vore på ferie i Spania og hadde nettopp landa i Noreg då uskedalen.no hadde kontakt med han i kveld. Han hadde difor førebels ikkje nokon oversikt over korkje årsak eller skadeomfang.**

Mykje kan tyde på at lekkasjen har samanheng med opptining etter perioden med kaldt ver. Vatnet har truleg kome inn via eit brannslangeuttak og det hadde spreidd seg over store deler av golvet då lekkasjen vart avslørt .

Det er i dag gjort ein stor jobb med å fjerna vatnet, men omfanget av dei eventuelle skadane ernaturleg nok heilt på det uvisse så langt.

Av Ola Matti Mathisen